Nærheten til Bergen og nærliggende områder gir unike muligheter for å rekruttere kompetent arbeidskraft fra ledende utdanningsinstitusjoner. Utdanningstilbudet innenfor prosess, industri, naturvitenskap og ingeniørfag er bredt, og man har både tekniske videregående skoler og universiteter som spesialiserer seg innen disse fagområdene.


Videregående skoler i Alver og Austrheim samarbeider godt med Mongstad industripark for å sikre et fag- og utdanningstilbud i tråd med det næringslivet etterspør.

Teknisk allmennfag - TAF

Teknikk og industriell produksjon

Elektrofag

Nærhet til Bergen sikrer tilgang på et av landes beste utdanningsmiljø for høyere utdanning.



Ingeniører innenfor: energiteknologi, maskiningeniør, elkraftteknikk, automatisering med robotikk, produksjonsteknikk



UNIVERSITETET I BERGEN

Ingeniørutdannelser, blant annet: energi, prosesseteknologi og nanoteknologi.



Utdanner fagskoleingeniører innen tekniske utdanninger, slik som prosesseteknikk, automatisering, maskinteknikk og elkraft.



Selskapene på Mongstad utgjør en sentral næringsklynge i Vestland fylke. Næringsklyngen samarbeider tett med både universitetsmiljøene og klyngene som er sentralisert i Bergen.

«Greenspot Mongstad og industriområdet erfarer en stor etterspørsel fra solide norske og internasjonale selskap, som viser at dette næringsområdet er ett av de mest attraktive i hele landet.

Sammen med Nordhordland ønsker vi i kompetanseklyngen Energiomstilling Vest i Bergen å ta en ledende posisjon sammen med industri og næringsliv, for å skape den grønne framtiden for energi- og industrinasjonen Norge.»

Charlotte Gannefors Krafft, leder kunnskapsklyngen Energiomstilling Vest (etablert av NHH, HVL, UiB og NORCE).



Energiomstilling VEST

NORCE NHH



Høgskulen
på Vestlandet

Innhold


01 Innstilling

02 Lokasjon

03 Mongstadregionen

04 Anleggsfasen

05 Detaljert beskrivelse av kriterier og ønsket informasjon



Mongstad industripark er en del av regionen Nordhordland og Vestland fylke. Nordhordland er en attraktiv og pulserende bo- og arbeidsregion med flott natur, kulturtilbud og fritidsaktiviteter.

Vardetangen 10 minutter fra Mongstad industripark, er det vestligste fastlandspunktet i Norge. Her går det også hurtigbåt til Bergen sentrum



Jan M. Lillebø

Fagarholmen, Bruknappen, Radøy



Ola Moen/Fjord Images



Solholmen

«For meg er Alver og Nordhordland den perfekte plassen å bu. Her har vi alt vi treng, bur på «landet» med korte avstander til sjø og fjell, og er samtidig nær Bergen. Idrettsmiljøet, og spesielt fotballmiljøet, har gitt meg mange unike opplevingar og venner for livet.»

Arne Kleivdal, daglig leiar i Backe Bergen

«Nordhordland har flott kyst- og fjellnatur, eit rikt idretts- og kulturliv, gode oppveksttilhøve og eit næringsliv som skapar arbeidsplassar. Her er det fine tettstader som Manger og Austrheim, der det er godt å bu, og regionsenteret Knarvik har elles det meste. Dessutan er det kort veg til Bergen, Norges beste by.»

Frode Hervik, rektor på Austrheim videregående skule

«Alver er ein fin stad å bu. Eg likar at det både er landleg og sentralt. Kommunen har fine turområde, eit bra lokalmiljø og mange kjekke aktivitetar for både barn og vaksne»

Trine Myklebust, sjukepleiar i Alver kommune

«Eg er oppvaksen i Austrheim kommune, rett ved Mongstad, og vaks opp med bølgeskvulp, trygge oppvekstvilkår, eit godt kulturtilbod med korps og kulturskule. Kombinasjonen av hav, natur, kulturliv og industri er ein del av identiteten min. I songen «Heim til Austrheim» skriv eg om dette; det å vere stolt av kor ein kjem frå, og takknemleg over det naturen og omgjevnadane byr på. Dei siste 14 åra har eg budd med familien i det som no er storkommunen Alver, midt mellom Austrheim og Bergen, og er såleis svært sentralt plassert med storby og flyplass berre ein kort køyretur unna. Vi har både sjø og fjell rett utanfor døra, spanande jobbar og eit rikt fritidstilbod til borna våre. Nyleg starta eg i jobb som marknadskoordinator for Knarvik Senter, og eg gler meg til å jobbe for å fremme både kultur og handel i lokalmiljøet.»

**Anne Merete Solbakken (artistnamn Anne Hvidsten),
artist/komponist og markedskoordinator i Knarvik
Senter**

Mongstad industripark er lokalisert i bo- og arbeidskommunene Alver og Austrheim

Innenfor en radius på 30 minutter fra Mongstad er det store boområder som er ferdigregulert og klar for bygging. Totalt er det 3 000 ferdigregulerte boenheter i sentrale strøk av Alver og Austrheim kommune med nærhet til Mongstad. En rekke av prosjektene er alt i byggefase.



Alver og Austrheim kommune tilbyr et godt service-, tjeneste- og fritidstilbud



Den årlige KnarvikMila er en uke spekket med både kultur- og idrettsarrangement, som tiltrekker seg løpeglade mennesker fra hele landet



Helsehuset



Nordhordland brann og redning



Fremtidsplanene for Knarvik sentrum



Knarvik videregående skole

Vestland County

A county with hardworking people, a tradition for value creation and a culture of cooperation

Power through cooperation



Vestland has the sea, fjords, mountains and capable people. People who have lived with, and off the land and its natural resources for thousands of years. People who set goals, and who never give up until the job is done. People who take care of one another and our environment. People who take responsibility for their work, improving their knowledge and for value creation. People who enjoy living in a region ranked as one of the prime tourist destinations in the world.

Vestland County Council has set some challenging goals for the future. We intend to become a zero-emission county and a leading region in value creation. We will achieve this through cooperation between our excellent universities and research institutions ; a diversified and ambitious business community, and politicians with knowledge and a culture for decision-making that ensures good solutions for everyone. The County Council follows targeted plans for key areas: schools, transport and accessibility. The aim is to create a community that provides good opportunities for work, value creation and quality of life.

Inhabitants of Western Norway are not afraid of change and transition.

- Knowledge of the sea and fishing has provided a foundation for marine and fish farming industries, which are amongst our major export industries.
- The shipbuilding industry, maritime expertise and knowledge of the sea and subsea have all been essential for building what today, is a leading global oil and offshore industry.
- In 2014, the world's first electric ferry began operating in the Sognefjord. Cooperation between a County Council that sets demanding procurement conditions and ambitious shipping and technology companies is essential if we are to succeed on the journey towards emission-free land and sea transport.
- Vestland County has by far the largest production of hydro-power in Norway. This has been the foundation for much of our industrial development.
- We are ready to take on new challenges together as the world changes. Now, communities in Vestland are working together on the world's largest project for subsea CO2 storage.

Experience from power-intensive industrialisation, metallurgical production for global markets, collaboration and major developments within the oil industry are all important when planning future sustainable business sectors. We have available land, we have hydroelectric power for industry development and water, and we have people with knowledge and skills who can work together as a team. In addition we have a culture for local cooperation and experience in collaborating with international business.

It is with this spirit of cooperation and confidence in the future that we now want to show you why Vestland County is the best location for world class battery cell production.

A handwritten signature in black ink that reads "Jon Askeland".

Jon Askeland
County Mayor of Vestland County Council

Les hele prospektet fra Vestland fylkeskommune [her](#).

Innhold

- 01** Innstilling
- 02** Lokasjon
- 03** Mongstadregionen
- 04** Anleggsfasen
- 05** Detaljert beskrivelse av kriterier og ønsket informasjon

Alver og Austrheim kommune har en lang og god historie på tilrettelegging og bygging av større anlegg

Tidlig på 60-tallet startet diskusjonene om etablering av storindustri på Mongstad. I 1970 kjøpte kommunen 3 900 mål av grunneierne og to år seinere startet anleggsarbeidet. Etter tusen dagers anleggstid sto første fase av raffineriutbyggingen ferdig i 1975. En liten bygd var forvandlet til det som etter hvert skulle bli et av Norges aller største og viktigste industriområder.

Flere ganger siden har regionen nytt godt av store industriutbygginger, men utfordringene har aldri kommet i nærheten av de samfunnet måtte løse i første anleggsfase.

Nordhordlendingene er oppvokst med at industri og samfunn er ett.



Anleggsleir 1

1200 rom med kantiner – fast installasjon, området nord for denne leiren er regulert til utvidelse av leiren.



Anleggsleir 2

380 rom, infrastruktur som vei, WS og strøm er tilrettelagt for utvidelse. Området er imidlertid primært tiltenkt ytterligere næringsutvikling for Equinor.



Hotellkapasitet

Westland Hotel 118 rom
Kilstraumen brygge 84 rom
Alver Hotel 58 rom



Industriklynge

Mer enn 50 bedrifter etablert i umiddelbar nærhet til området



Lokalsamfunnet

Nordhordlendingene er oppvokst med at industri og samfunn er ett



Alver kommune har også omfattende erfaring med å legge til rette for industri de senere år

Alver kommune har omfattende erfaring med industritilrettelegging de senere år. Overføring av Equinor sin offshore forsyningstjeneste fra CCB Ågotnes til Mongstad Sør i 2015 medførte stort behov for økt og tryggere vannforsyning til området. Kommunen tok da umiddelbart fatt i dette og gjennom avtaler med Equinor bygget kommunen ut en solid forsyning med redundant tilførsel og renseanlegg, samt etablerte en kraftig oppgradering av kapasitet og sikkerhet også for industrivannforsyningen til raffineriet. Straks etter dette gjennomførte kommunen tilrettelegging av bygg og anlegg for industriområdet på Storemyra, Mongstad Sør. Gjennom dette arbeidet med forhandlinger, konsesjonsprosesser og anleggsledelse skaffet kommunen seg solid erfaring med tilrettelegging for storindustrien.

Alver kommune har samlet direkte forestått praktisk industritilrettelegging på Mongstad for over 200 millioner kroner de senere år.

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
062/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Alver Hotel AS - Digitalisering av hotellplattformen på Alver Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Digitalisering av hotellplattformen på Alver* blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Alver Hotel er eit aksjeselskap. Bransje: 55.101 Drift av hoteller, pensjonat og motell med restaurant. Registrert 19.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Alver Hotel er eit konferansehotell som har operert som ei familiebedrift gjennom 3 generasjonar sidan etableringa i 1959.

Om prosjektet

Prosjektplanen er å digitalisere hotellplattformen for Alver Hotell. Gjennom Covid19-pandemien har eigarane sett eit klart behov for å digitalisere drifta.

Prosjektleveranse/Målsetting

Digitalisering vil etter prosjektplanen føre til mindre kontaktsmitte for hotellet sine kundar og vil også kunne medføre ein meir effektiv kvardag for både kundar og hotellet som heilskap. Drifta vil bli meir berekraftig og miljøvenleg då ein vil kunne bruke mindre energi og generere mindre søppel.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Digitalisering av hotellplattformen på Alver	300 000	200 000	50 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondets kriteriar ved at det viser til berekraftig næringsutvikling og nyskaping.

Vedlegg i saken:

15.06.2021

21_Alver Hotel_soknad-2021-0127_01 mai 2021 (1)

1572644

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
063/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Alverland SA - Søknad til opparbeiding av marknadshage i Alver

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad til opparbeiding av marknadshage i Alver* får ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Alverland er eit samvirkeforetak. Bransje: 01.410 Melkeproduksjon på storfe. Registrert 20.01.2021. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Vestland fylkeskommune har som mål å auke grønsaksproduksjonen i regionen, og det satsast på marknadshage-modellen. Ein marknadshage er småskala grønsaksproduksjon kor produkta vert omsett gjennom marknadskanalar for lokalmat. [Bondens marknad](#) samarbeider tett med Norsk landbruksrådgiving og Statsforvaltaren i Vestland om å stimulere til fleire marknadshagar i Vestland gjennom kurs, webinar og markvandringar.

Alverlands Grøde vil bli ein av Alver sine første marknadshagar, drive etter regenerative prinsipp med fokus på god jordhelse. Ein marknadshage er ein arealeffektiv dyrkningsmetode, med ein stor variasjon av grønsaker (20-40 kulturar) med høg kvalitet og verdi. Direktesal vert den økonomiske berygninga i prosjektet, i hovudsak gjennom REKO-ringen og lokale abonnementsordningar.

Prosjektleveranse/Målsetting

Søknaden gjeld støtte til å opparbeide marknadshage. Jorda som skal dyrkast på har lagt brakk i over 40 år. I 2021 skal det gjerast om ca. 450 kvm av denne til starten på marknadshagen. Dette stykket treng inngjerding og fleire grunder, samt diverse mindre utstyr til produksjonen, vatningsanlegg, handverktøy, kåldukar, emballasje mm. Dette året er teståret, med moglegheit for litt direktesal frå garden om avlingar vert bra. I 2022 er tanken å utvide og gjere større investeringar.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad til opparbeiding av marknadshage i Alver	410 000	55 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Alverlands Grøde_soknad-2021-0091_28 apr 2021	1573530
14.06.2021	21_Alverlands Grøde_soknad-2021-0091_Vedlegg_28 apr 2021	1573531

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
064/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Anne Lise Rykkje - Støtte til utstyr til ny velværesalong på Frekhaug senter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Støtte til utstyr til ny velværesalong på Frekhaug senter* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Anne Lise Rykkje er eit einpersonsforetak. Bransje: 96.020 Frisering og annen skjønnhetspleie. Registrert 07.08.2014. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Søkjjar har planar om å starte frisør- og velværesalong på Frekhaug. Verksemda vil vere eit totaltilbod retta særleg mot aldergruppa 16 – 35 år, som ifølgje søkjar manglar lokale tilbod, og tilby studentrabatt og særlege tilbod for unge. Søkjar viser til at ho har undersøkt etterspørsel i regionen, og at verksemda vil kunne tilby pleie for hår, hud, negler og føtter, samt butikk med produkt, gaveartiklar og litt klær. Søkjar meiner det vil vere ein god service å tilby dette samla for at kundar skal sleppe å reise rundt til fleire tilbydarar. Det søkjast om midlar til utstyr for oppstart av drifta.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet med prosjektet er å skape eit heilskapleg tilbod for pleie av hår, hud, negler og føtter, samt tilby produkter, gaveartiklar og litt klede i ein salong på gateplan i Frekhaug senter, primært for ei yngre aldergruppe som gjerne kjøper slike tenester i Åsane i dag.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Støtte til utstyr til ny velværesalong på Frekhaug senter	375 000	98 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet. Vi vil minne om ny søknadsfrist 1. oktober.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_AL Rykkje_soknad-2021-0017_12 apr 2021	1573031
14.06.2021	21_AL Rykkje_Studio Alver_Søknadsvedlegg_12 apr 2021	1573032

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
065/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Anne Mette Prestegård AS - Produksjon av unike gjenbruksprodukter/møbler i Alver

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Produksjon av unike gjenbruksprodukter/møbler i Alver* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit aksjeselskap. Registrert 17.09.2019. Bransje: 74.103 Interiørarkitekt-, interiørdesign- og interiørkonsulentvirksomhet. Kjelde: proff.no

Saksopplysningar:

Anne Mette Prestegård AS er eigd av interiørarkitekt og møbeldesignar Anne Mette Prestegård. Ho er utdanna frå Kunsthøgskolen i Bergen og har erfaring som utstillingsarkitekt for Bymuseet i Bergen. Firmaet ynskjer no å fokusera meir på møbel- og produktdesign.

Om prosjektet

Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Anne Mette Prestegård AS og vekstbedriftene Aufera AS og Knarvik Industri og miljø AS. KIM leverer bruktmøblar dei ikkje får seld til Aufera på Manger, Aufera demonterer møblane og Anne Mette Prestegård lagar skisser og er med på produktutviklinga på treverkstaden. Prosjektet er heilt i startgropa, dei er i gong med utprøving. NGIR vil vere ein ønska samarbeidspartnar for å få tilgang til fleire gjenbruksmaterialar. Marknadsføring og sal vil vere gjennom nettbutikk, sosiale medier og pop-up-butikkar, samt sjå om nokre av designbutikkane i Bergen og andre stader ynskjer å selje produkta. Søkjar er opptatt av at gjenbruk er naudsynt og populært, og at ein kan skape ny design av materialane. Ein stor inspirasjon er den nederlandske designaren Piet Hein Eek som lagar eksklusive gjenbruksmøblar, lampar og interiør. Det vert søkt om midlar til innkjøp av maskiner og utstyr.

Prosjektleveranse/Målsetting

1. Produksjon av unike gjenbruksprodukt/møblar i Alver. Møblane og produkta skal vere unike, dei skal produserast med fokus på berekraft og det skal nyttast gjenbruks- og overskotsmaterialar til produksjonen. Det er viktig at heile næringskjeda er i Alver/Nordhordland.
2. Bygge opp verdikjeda med bruk av gjenbruksmaterialar saman med Knarvik Industri og miljø som har gjenbruksbutikk i Knarvik og Aufera som produsent av produkta.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Produksjon av unike gjenbruksprodukter/møbler i Alver	120 000	60 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Anne Mette Prestegård AS_soknad-2021-0106_29 apr 2021	1572667
15.06.2021	21_Anne Mette Prestegård AS_soknad-2021-0106_Vedlegg_29 apr 2021	1572668

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
066/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Asfaltpartner AS - Markedskampanje bærekraftig asfaltreparasjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Markedskampanje bærekraftig asfaltreparasjon* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Asfaltpartner AS er eit aksjeselskap. Bransje: 42.110 Bygging av veier og motorveier. Registrert 05.10.2006. Kjelde: Proff.no

Saksopplysninger:

Asfaltpartner reparerer asfalt hol og sprekkar i heile Vestland med utgangspunkt i Alver kommune. Verksemda brukar ein innovativ metode med sveising som gjer eit varig resultat.

Prosjektleveranse/Målsetting

Verksemda skal gjennom ny strategi jobbe meir mot den offentlege marknaden. Dette er ein stor marknad, i tillegg til at det i NTP er avsett store summer til vedlikehald av fylkesvegnett. I samband med dette skal det utarbeidast informasjonsmateriell til bruk for samarbeid med offentlege sektor.

Prosjektsøknaden omhandlar marknadsføring ved hjelp av brosjyremateriell og filmproduksjon.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Markedskampanje bærekraftig asfaltreparasjon	140 000	70 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Asfaltpartner_soknad-2021-0081_27 apr 2021	1572646
15.06.2021	21_Asfaltpartner_Søknad_Vedlegg_27 apr 2021	1572647

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
067/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Berthelsen, Wilfred - Foto bok og kunstutstilling i London & i Grieghallen i Bergen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Foto bok og kunst utstilling i London & i Grieghallen i Bergen* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Berthelsen Wessel Wilfred er eit enkeltpersonsforetak. Bransje 71.129 Annen teknisk konsulentvirksomhet. Registrert 10.07.2004. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Søkjar har drive med fotografering på høgt nivå i mange år og gjennomført fleire ekspedisjonar.

Prosjektleveranse/Målsetting

Etter eit foto/kunst-prosjekt som har pågått i 10 år, er planen for søkjar å gje ut fotobok og å halde to utstillingar. Prosjektet heiter "EXODUS". Dette er eit resultat av tre fotoekspedisjonar til Antarktis og fem fotoekspedisjonar til Svalbard.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Foto bok og kunst utstilling i London & i Grieghallen i Bergen	435 000	335 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet. Søkjar kan oppmodast til å undersøkje om det kan søkjast kulturmidlar.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021 21_Wilfred Berthelsen_soknad-2021-0139_01 mai 2021 1573542

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
068/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

**Søknad til Næringsfondet 2021. Brillehuset Knarvik AS - Optikar- og butikkutstyr
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet *Optikar- og butikkutstyr* blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit aksjeselskap. Bransje: 47.782 Butikkhandel med optiske artikler. Registrert: 03.08.2020. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Brillehuset Knarvik leiger lokaler i tett tilknytning til Knarvik Øyelegekontor AS. Optiker Glomnes har spesialkompetanse for tilpassing av kontaktlinser. Knarvik Øyelegekontor har ansvar for brilleuttak til barn i alderen 0-6 år, samt at mange av pasientane er eldre og har i lang tid ytra ønske om brilletilbod i lokala.

Om prosjektet

Prosjektsøknaden gjeld innkjøp av optikarutstyr, kontorutstyr og butikkinnreiing. Optikarutstyr er det optikaren treng på kontoret for å kunne utføre full augeundersøking (mikroskop, undersøkelsesunit, autorefraktor, projektor og anna). Butikkutstyr er datamaskin, software, kasseapparat, betalingsterminal, utstillingsreolar, møblering, varelagar og anna.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet er å tilby briller og linser, særleg til små barn og eldre som oppsøker augelegekontoret. Dette vil forenkle prosessen for kundane og gje eit godt og rask tilbod på varene.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Brillehuset Knarvik AS. Optikerutstyr	800 000	50 000	50 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondets kriteriar ved at det viser til berekraftig næringsutvikling for særleg einskilte grupper med særlege behov, samt at det skapar sysselsetting og kan hindra handelslekkasje.

Vedlegg i saken:

15.06.2021 21_Brillehuset Knarvik_Søknad_2021-0003_15 feb 2021 1574531

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
069/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Emily Rose Oakley - Utstyr til behandlingsrom for beautybehandlinger

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Utstyr til behandlingsrom for beautybehandlinger* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Emily Rose Oakley er eit einpersoneforetak. Bransje: 96.020 Frisering og annen skjønnhetspleie. Registrert 16.09.2020. Kjelde: proff.no.

Saksopplysningar:

Søklar opplyser at ho skal flytte i nytt husvære med eit eige behandlingsrom til verksemda si. Ho har på søknadstidspunktet 25 faste kundar og er i ein vekstfase. Ho opplyser vidare at ho er ei av få som driv med denne type behandling i Alver. Instagram er det mest brukte verktøyet til verksemda, med 1061 følgjarar.

Om prosjektet

Det er søkt om midlar til behandlingsbenk, spesiallampe, kundesofa, jobbmobil, gardiner, smittevernsmidlar og midlar til promotering.

Prosjektleveranse/Målsetting

Utstyr til behandlingsrom for å kunne utvide drifta i eigna lokale.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Innkjøp av utstyr til behandlingsrom	31 500	31 500	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til utstyr til behandlingsrom får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg

15.06.2021

21_Emily Rose Oakley_soknad-2021-0007__22 mar 2021

1574526

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Falksen AS - Utvidelse av virksomhet Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Utvidelse av virksomhet* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Falksen AS er eit aksjeselskap. Bransje: 46.739 Engroshandel med byggevarer ikkje nevnt annet sted. Registrert 03.10.2018. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Verksemda driv med import og sal av gjerdeløysingar og andre produkt for hus og hage. Til no har dei for det meste retta seg mot privatmarknaden, og vil framover også rette drifta mot bedriftsmarknaden i større grad. Dei har hatt god omsetningsauke i 2020 og skaffa seg nye agentur.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektøknaden gjeld for utviding av verksemda. Søkjar ønskjer betre tilgang til sine produkt og tilby rask og effektiv utsending av varer til kundane sine. For å oppnå dette, vil verksemda jobbe målretta med følgjande tiltak:

- Anskaffe eit større lager enn det dei disponerer i dag
- Utvide med 2-5 tilsette i løpet av 2 år
- Utvikle eit godt og effektivt system for lager og logistikk
- Komme inn på bedriftsmarknaden og i kommunen med sine produkt
- Inngå samarbeid med lokale aktørar for å forbetre løysingar og vidareutvikle produkta.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Utvidelse av virksomhet	400 000	200 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Falksen_soknad-2021-0119_29 apr 2021	1573570
15.06.2021	21_Falksen_soknad-2021-0119_vedlegg_29 apr 2021	1573571

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
071/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Fiskebu AS - Fiskebu, en bedre hverdag i havbruksnæringen Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Fiskebu, en bedre hverdag i havbruksnæringen* blir tildelt kr 150 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit aksjeselskap. Registrert 07.07.2020. Bransje: 47.990 Detaljhandel utanom utsalsstad.
Kjelde: proff.no

Saksopplysningar:

Firmaet har pr.dd ingen fast tilsette då dei er i oppstartsfasen og har brukt eigenkapital og fritid på prosjektet. Målet er å snarast mogleg ha økonomi til å drive på fulltid med Fiskebu AS. Planen er 2 tilsette på heiltid og 1 på deltid i løpet av 2021, aukande til 15-20 arbeidsplassar i løpet av 3 år.
FiskeBu har eit samarbeid med Tombre fiskeoppdrett som er pilotbedrifta og testar utstyret på deira lokasjonar. Industriutvikling Vest hjelp dei med oppstart og utvikling av prosjektet.

Om prosjektet

Det forbrukast i dag 50 000 000 rensefisk i oppdrettsnæringa årleg, talet er ekstremt høgt og er ikkje etisk, moralsk eller økonomisk berekraftig ifølge søkjar. Fiskebu as har utvikla, designa og starta bygging av prototyper i ein produktserie som dei meiner vil betre fiskehelsa og redusere antal fisk brukt i oppdrettsnæringa. Dagens gjenfangst av rensefisk er tidkrevande og fysisk tungt, og dei legg opp til å gjennomføre det same arbeidet raskare, sikrare og mindre belastande for røktarane med deira produkt.

Prosjektleveranse/Målsetting

Lage fullverdig habitat, gjenfangst, sorteringssystem og vinterlagring for rensefisk brukt i oppdrettsnæringa, samt legge til rette for sysselsettingsvekst.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Fiskebu, en bedre hverdag i havbruksnæringen	3 827 000	700 000	150 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til innovasjon, nyskaping, ny teknologi og potensial for vekst og sysselsetting.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Fiskebu_soknad-2021-0082_30 apr 2021	1572673
15.06.2021	21_Fiskebu_soknad-2021-0082_Uttale 2_30 apr 2021	1572674
13.06.2021	21_Fiskebu AS_presentasjon_30 apr 2021	1572675

15.06.2021

21_Fiskebu_soknad-2021-0082_Uttale_30 apr 2021

1573713

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
072/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Flatøy naturmedisinske senter - Psykososial helse og stressrelaterte utfordringar for ungdom 10-25 år

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Psykososial helse og stressrelaterte utfordringar for ungdom 10-25 år* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Flatøy Naturmedisinske senter er eit einpersonsforetak. Bransje: 86.909 Andre helsetjenester. Registrert 18.05.2002. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Søkjjar har jobba med fysioterapi og komplementærmedisin på Flatøy sidan 1996. Nærmare bestemt arbeidast det med både fysisk og kjenslemesse stress. Søkjjar har mange ungdomar innom, og legg vekt på at dei får god og adekvat behandling for stressrelaterte symtom. Sidan søkjjar ikkje har avtale med HELFO, vert egenbetalinga høgare. Søkjjar ynskjer med dette prosjektet å tilby konsultasjonar for ungdom til låg egenbetaling. Også i relasjon til utfordring for ungdom under covid.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektet går ut på å tilby ungdom konsultasjon hos fysioterapeut ved Flatøy Naturmedisinske senter med fokus på fysisk og psykososialt stress. Vidare å tilby denne behandlinga som lågterskeltilbod og med låg egenbetaling. Planen er å tilby ungdom 3-5 behandlingar. Kvar behandling varar ein time og vil koste under halvparten av ordinær pris. Tilsaman vil søkjjar då kunna gie om lag 50 ungdomar denne behandlingsserien til ein gunstig pris. Med låg egenbetaling vert det eit lågterskeltilbud for ungdomane og familien deira. Erfaringsmessig er dette ofte ungdomar som har nytta seg av ulike tilbud innan BUP og psykologteneste.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Psykososial helse og stressrelaterte utfordringar for ungdom 10-25 år	100 000	100 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet. Fondet dekker heller ikkje driftskostnader.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg:

15.06.2021

21_Flatøy Naturmedisinske Senter_soknad-2021-0076_30
apr 2021

1572649

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
073/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Frydenlund Kontormaskinservice AS - Omlokalisering for omstilling og vekst

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Omlokalisering for omstilling og vekst* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Verksemda er eit aksjeselskap. Bransje: 46.660 Engroshandel med maskiner og utstyr til kontor ellers. Registrert 30.06.2005. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Frydenlund Kontormaskinservice AS tilbyr ulike tenester innanfor data og kontor, som full IT-drift, ASP-løysingar, kopi/print, rekvisita, kabling, kameraovervaking, webløysingar etc. Verksemda skal no flytta frå Storsandvik til Alversund.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektsøknaden omhandlar stønad til flytting og innreing i nye og meir eigna lokaler. Målet er vekst og utvikling. Flyttinga vil vere strategisk viktig for verksemda:

- Ny og betre lokalisering i høve til marknaden, enklare tilkomst og betre parkering.
- Meir fokus på kundeoppfølging, kurs, sal, mm. ved etablering av kurs- og showroom.
- Gjer det mogleg å innleie samarbeid/fusjonsplanar og felles lokalisering med Alver IT as.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Omlokalisering for omstilling og vekst	140 000	70 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021 21_Frydenlund Kontormaskinservice_soknad-2021- 1573577
0112_30 apr 2021

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
074/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Gløde AS - Omstilling og nyskaping knytt til gjenbruksmaterialer frå Sandviksbodane

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Omstilling og nyskaping knytt til gjenbruksmaterialer frå Sandviksbodane* blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Gløde AS er eit aksjeselskap. Bransje: 88.994 Varig tilrettelagt arbeid, 25.120 Produksjon av dører og vinduer av metall. Registrert 20.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Gløde er ei arbeidsinkluderingsbedrift med tiltaksplassar frå Nav og kommunar, med formål om arbeidsinkludering, kompetanseformidling og verksemd i forbindelse med dette.

Selskapet er no inne i ein omstillingsfase etter tap av anbudstenester frå NAV. Korona har også endra deira forutsetningar vesentleg. Dei ser at dei treng fleire bein å stå på for å spreie risiko og vere mindre sårbare ved endringar.

Om prosjektet

Sandviksboder 69-72 står for fall i Bergen, og Gløde har inngått avtale med Saneringsgruppen om å motta bygningsmateriale frå bodane. Materialet ønsker Gløde å gjenbruke, og planlegg produksjon av produkt til bedrifts- og privatmarknaden. For å best mogleg kunne skape nye løysingar av dette gamle materialet, vil dei trenge innspel frå andre aktørar som saman med dei kan sjå med nye auge på materialet. Til prosjektet treng dei midlar til blant anna verkty/leige av maskinar, konsulenthjelp, transport, lagerleige og annonsering.

Prosjektleveranse/Målsetting

Sandviksboder er ein del av eit gjenbruksprosjekt. Målet er å ta vare på gjenbruksmateriale for å produsere nye produkt for sal i marknaden, samt sal av materiale til privatpersonar. Dette er ein del av det grønne skiftet, som også Gløde ønsker å vere ein del av.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Omstilling og nyskaping knytt til gjenbruksmaterialer frå Sandviksbodane	756 886	556 886	50 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondets kriteriar ved at det viser til berekraftig næringsutvikling og nyskaping.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Gløde_soknad-2021-0122_30 apr 2021	1572663
15.06.2021	21_Gløde_soknad-2021-0122_rekneskap_30 apr 2021	1572664

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
075/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. God Utvikling AS - e-læring i kundebehandling, ledelse og motivasjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *e-læring i kundebehandling, ledelse og motivasjon* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

God Utvikling AS er eit aksjeselskap. Bransje: 85.599 Annen undervisning ikkje nevnt annet sted. Registrert 17.11.2000. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Firmaet flytta til Hundvin for 5 år sidan og har i 30 år gjennomført kurs, coaching og konsulentverksemd innafor leiing, motivasjon og kundebehandling - med helserelatert formål i feltet arbeids- og organisasjonspsykologi til store og mellomstore verksemder. Forretningsideen er å gjere kompetansen tilgjengeleg via e-læring og nettmøte.

Utfordringa er å skape ei like god læringsoppleving som i klasserom/møte. Samstundes har e-læring fordelar som til dømes tilgjengeleg repetisjon. Forprosjektet med å finne riktige verktøy på nett har pågått i tre år. «God utvikling» definerast som "en økologisk resultatutvikling der de involvertes helse, trivsel og potensialer for personlig utvikling samtidig ivaretas».

Prosjektleveranse/Målsetting

Søkjær ønskjer å gjere forretningsideen til permanente online kurs/rådgiving etter gjennomført forprosjekt. Formålet er å fremje god helse og utvikling for individ, grupper, organisasjonar og samfunn.

Søkjær ønskjer også å gjere pilotprosjekt i samarbeid med private og offentlege aktørar i Alver kommune, for å kunne gje ein større moglegheit for god kommunikasjon i møte og i oppfølgjande læringsprosess.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
e-læring i kundebehandling, ledelse og motivasjon	1 500 000	200 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet e-læring i kundebehandling, ledelse og motivasjon får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_God Utvikling AS_soknad-2021-0027_30 apr 2021	1572677
15.06.2021	21_God Utvikling AS_soknad-2021-0027_Brosjyre_30 apr 2021	1572678
15.06.2021	21_God Utvikling AS_soknad-2021-0027_Brosjyre 2_30 apr 2021	1572679

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
076/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Hogne Jarle Straume - Søknad om støtte frå Næringsfond til kanalisering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte frå Næringsfond til kanalisering* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Hogne Jarle Straume er eit einpersonsforetak. Bransje: 01.410 Melkeproduksjon på storfe. Registrert 20.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Prosjektet går ut på oppgraving av eksisterande kanal, senking og bortsprengjing av bergtersklar og lukka delar av kanalen med røyr. Kanalen er ein del av dreneringssystemet på den største teigen på garden. Når søkjar vert ferdig med og dyrka resten av myra i løpet av nokre år, vil det vere ein samanhengande teig med 120 daa. engareal. Det trengst lågare utløp enn som er naturleg for å få senka grunnvatnet tilstrekkeleg, og for å få leia vatnet bort på ein effektiv måte. I prosjektet inngår det kostnader til blant anna skyting, gravemaskinsarbeid, røyr og grus. Tilskot er særskilt viktig for at prosjektet skal verta gjennomført og for å sikra grunnlaget for garden vidare med auka grovfôrproduksjon.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektet vil gje djupare utløp for dreneringsvatnet for heile arealet som ligg ovanfor desse tersklane. Det vil forbetra arronderinga for hausting av arealet ved at det vert lettare framkommeleg ved hausting, der kanalen vert lukka. Tiltaket kjem og til å gje høve til djupare grøftar og betre utløp for framtidig oppdyrking.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte frå Næringsfond til kanalisering	500 000	215 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

14.06.2021	21_Hogne Straume_Soknad_13okt 2020	1573788
15.06.2021	21_Hogne Straume_Søknadsvedlegg_27 apr 2021	1573790

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
077/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Isdal gard v/Kjersti Isdal. Isdal Smale - Vidareformidling av ull frå gammalnorsk spælsau - testproduksjon av garn

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Isdal Smale. Vidareformidling av ull frå gammalnorsk spælsau – testproduksjon av garn* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit einpersonsforetak. Bransje: 74.102 Grafisk og visuell kommunikasjonsdesign, 02.200 Avvirkning. Registrert 03.02.2001.

Saksopplysningar:

Isdal Gard høyrer til klyngetunet på Isdal. Klyngetunet med kulturlandskapet rundt, er eit av få område i Alver som er definert som «omsynssone kulturminne». Søkjar ønskjer å nytta ressursane på garden på ein berekraftig måte, å løfta fram lokal identitet og kulturarv.

Om prosjektet

Prosjektet omhandlar å teste ut om det er ein marknad for garn frå sauene deira av Gammalnorsk spæl, kortreist, naturfarga og berekraftig ull. Søkjar har samla og sortert garn i tre år for å få eit stort nok parti til å sende til spinneri, og ønskjer no å få gjort ein testproduksjon av garn.

Prosjektleveranse/Målsetting

- 1) Testproduksjon av garn frå egne/lokale sauer
- 2) Utvikling av grafisk profil/merkevarebygging/historieforteljing
- 2) Utvikling av strikkemønstre og garnpakkar tilpassa garnet (meirsal)
- 3) Marknadsføring og sal via lokale utsal, på garden og i nettbutikk

Prosjektet har eit mål om å bruke all ulla på garden. Den ulla som ikkje er bra nok til garnproduksjon kan nyttast som jorddekke i plantedyrking og til kompostering, nyttast istadenfor fiberduk ved bygging av stiar/gardsvegar.

Det er også ønskeleg å vurdere grunnlag for å tilby opplevingar på garden og finne felles salskanal for lokale produkt. Søkjar er medlem av Landslaget for Gammalnorsk Spæl, Hordaland sau og geit samt Noregs Bondelag.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
--------------	-------------	------------	----------

Isdal Smale	70 000	35 000	0
--------------------	---------------	---------------	----------

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Isdal Gard_Smale ull_Søknad_22 apr 2021	1573028
14.06.2021	21_Isdal Gard_Næringsutvikling i landbruket_23mar 2021	1573029

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
078/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Klinikk Sætran - helse og skjønnhet AS - Omstilling og forbedring av salong

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Omstilling og forbedring av salong* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Klinikk Sætran er eit aksjeselskap. Bransje: 86.909 Andre helsetjenester Registrert Registrert 02.12.2020. Kjelde: proff.no.

Saksopplysningar:

Klinikk Sætran - helse og skjønnhet AS driv med figurforming, helse og velvære. Klinikken har fire medarbeidarar.

Om prosjektet

Prosjektsøknaden omhandlar planar om å byggje om delar av salongen med avdelingar på Manger og i Knarvik. Det er eit ønske å gjere klinikken om til ein plass kor menneske med kroniske smerter og diagnosar som ME o.l. kan finne ro og smertelindring. Blant anna er det planar om å legge betre til rette for floating (flyteterapi, kroppen flyt i kroppstemperert vatn med høgt innhald av saltstoff og dusj, samt leige ut behandlingsrom til ein spa terapeut.

Prosjektleveranse/Målsetting

Ved å bygge om salongane, ser søkjar for seg å kunne tilsette to til tre personar i tillegg. Det er også eit mål å kurse alle tilsette i samband med dei utvida behandlingstilboda.
Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Omstilling og forbedring av salong	1 340 000	1 000 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg:

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
079/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Knarvik kafe og Thai takeaway as - Ombygging/ utvikling av bedrift

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Ombygging/ utvikling av bedrift kr 20 000* til arbeidet med digitalisering og nettbutikk frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit aksjeselskap. Bransje: 56.101 Drift av restauranter og kafeer. Registrert 14.11.2017.

Saksopplysningar:

På grunn av arbeidet med utvidinga av E39, må inngangspartiet byggast om då utvidinga av vegen tar vekk eksisterande parkeringsplassar ved eksisterande inngangsparti. Det er også planar om å utvide servicetilbodet.

Om prosjektet

Prosjektet søker støtte til ombygging av butikk, digitalisering og nettbutikk. Det vil også opparbeidast plass for uteservering.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet er å legge til rette for eit betre servicetilbod med nettbutikk, tilpassa tilkomst etter utviding av E39 og uteservering.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Ombygging/ utvikling av bedrift	250 000	125 000	20 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden om digitalisering og nettbutikk innanfor Næringsfondets kriteriar ved at det viser til berekraftig næringsutvikling, innovasjon og sysselsetting.

Vedlegg i saken:

15.06.2021 21_Knarvik Kafe og Thaitakeaway_soknad-2021-0008_25 1574516
mar 2021

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
080/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Knarvik Senter AS - Søknad om støtte til digital utvikling og innovasjon - Knarvik Senter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknad om støtte til digital utvikling og innovasjon - Knarvik Senter blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Knarvik Senter AS er eit aksjeselskap. Bransje: 68.320 Eiendomsforvaltning. Registrert: 20.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Driftsselskapet har ansvar for drift, marknadsføring og vedlikehald av fellesareal i Knarvik Senter - etter avtale med Knarvik Senterforening. Det siste året med ulike koronarestriksjonar har bydd på mange kvardagsutfordringar for Knarvik Senter, men også nye moglegheiter. Nødvendigheita for å kommunisere og ha gode digitale løysingar er tydelegare enn nokon gong. Det gjeld både intern kommunikasjon mellom senterkontor og dei tilsette i butikkane, men også ekstern kommunikasjon og marknadsføring ut mot kundane til senteret.

Om prosjektet

Knarvik Senter AS søker om støtte til digital omstilling og kompetanseutvikling - herunder støtte til utvikling av ny SenterApp for intern digital kommunikasjon; innkjøp av digitalt utstyr som Mac til videoredigering, filmkamera og lydutstyr til filmopptak, programvare til videoredigering og utstyr til å gjennomføre digitale møte.

Prosjektleveranse/Målsetting

Appen vil nyttast som eit verktøy til rapportering av omsetningstal. Den vil også nyttast til kommunikasjon mellom administrasjon, butikkane og alle tilsette, og vil vere eit verktøy for å sende ut og innhente viktig informasjon meir effektivt. Dette gjeld til dømes påmeldingar til arrangement, møte, innsending av materiell og kvardagskommunikasjon. Appen blir også brukt til opplæring i rutinar innan brann og sikkerheit. SenterAppen vil også hjelpe til å få ut nødvendig informasjon til våre kundar meir effektivt. Appen er moderne, meir presis og lettare å bruke enn våre noverande løysingar. All papirkommunikasjon blir i den nye appen erstatta med digital kommunikasjon og vil difor også vere eit miljøtiltak.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte til digital utvikling og innovasjon - Knarvik Senter	230 000	115 000	30 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondets kriteriar ved at det viser til berekraftig næringsutvikling for særleg einskilte gruppar med særlege behov, samt at det skapar sysselsetting og kan hindra handelslekkasje.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Knarvik Senter AS_Utvikling_soknad-2021-0133_30 apr 2021	1574768
15.06.2021	21_Knarvik Senter AS_Utvikling_soknad-2021-0133_Vedlegg_30 apr 2021	1574770

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
081/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Knarvik Senterforening - Søknad om støtte til leikeapparat - Knarvik Senterforening

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte til leikeapparat - Knarvik Senterforening* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Knarvik Senterforening er ei forening. Bransje: 94.110 Næringslivs- og arbeidsgiverorganisasjoner. Registrert 20.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Knarvik Senter søker om støtte til innkjøp av Rodeco PopUp leikeområde for born. Grunna strenge koronatiltak har mange av aktivitetane for barn vorte avlyst det siste året. Det nye leikeområdet er lettare å reingjere, og kan difor vere ope også ved strenge smitteverntiltak. Designet er innovativt, fleksibelt og utviklande for barn. Leikeområdet er eit etterlengta tilbod for barn i senteret.

Prosjektleveranse/Målsetting

Det blir søkt om prosjektmidlar til dette leikeområdet for å skape trivsel for kundar, gode ringverknader for besøkstal, omsetning og vekst for butikkane.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte til leikeapparat – Knarvik Senterforening	297 000	100 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til leikeapparat får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021 21_Knarvik Senterforening_Leikeapparat_soknad-2021- 1574562
0040_vedlegg_30 apr 2021

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
082/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Knarvik Senterforning - Søknad om støtte til innkjøp av sykkelstativ - Knarvik Senterforening

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte til innkjøp av sykkelstativ - Knarvik Senterforening* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Knarvik Senterforening er ei forening. Bransje: 94.110 Næringslivs- og arbeidsgiverorganisasjoner. Registrert 20.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Knarvik Senter søker om støtte til innkjøp av fire sykkelstativ med plass til totalt 40 sykklar fordelt på fire stasjonar i tilknytning til senteret.

Prosjektleveranse/Målsetting

Knarvik Senter ønsker å bidra i forhold til Alver kommune si sykkelsatsing og vere med på å leggje til rette for meir kvardagssykling. Sykkel er eit helsefremjande og miljøvennleg framkomstmiddel.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte til innkjøp av sykkelstativ - Knarvik Senterforening	72 960	72 960	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til støtte til innkjøp av sykkelstativ får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Knarvik Senterforening_Sykkelstativ_soknad-2021-0116_30 apr 2021	1574722
15.06.2021	21_Knarvik Senterforening_Sykkelstativ_soknad-2021-0116_vedlegg_30 apr 2021	1574726

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
083/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. La Vita e Bella, Gro Fyllingsnes - Søknad om støtte til bakstehus

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte til bakstehus* blir ikkje tildelt midlar frå Næringsfondet i Alver.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Firmaet La Vita e Bella er eit einpersonsføretak. Det består av Galleri Gamleskulen, Eikanger teikne-og maleskule og eiga kunstnerisk verksemd. Bransje: 90.031 Selvstendig kunstnerisk virksomhet innen visuell kunst. Registrert 29.11.2011.

Saksopplysningar:

Galleri Gamleskulen har drive ein kombinasjon av kursverksemd og kunstutstillingar/sommarkafe/sommaraktivitetar sidan 2018. No er dei i gang med å gjera tilbygget frå 1950-åra om til eit bakstehus. Her skal innreiast med steinomn, eltemaskin, bakstebenk, vask/ vaskebenk og anna nødvendig bakeutstyr. Ynskjer også å laga til eit lite kjølerom for deigen i gangen.

Prosjektleveranse/Målsetting

Galleri Gamleskulen skal bli ein utfartsstad for folk i Nordhordland og Bergen, med sal av brød, bollar og pizza.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte til bakstehus	215 000	75 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg:

15.06.2021 21_Gro Fyllingsnes_Bakstehus_soknad-2021-0068_26 apr 1574500
2021

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
084/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Lekekista - Søknad om støtte for ENK - Lekekista Øvretveit

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte for ENK - Lekekista Øvretveit* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Lekekista er eit einpersonsforetak. Bransje: 47.919 Postordre-/Internetthandel med annet spesialisert vareutvalg. Registrert 16.10.2020. Kjelde: proff.no.

Saksopplysningar:

Lekekista er ein nettbutikk med sal av leikar og spel for barn i alle aldrar, som har som mål og vere blant dei rimelegaste blant tilbydarane. Nettbutikken er framleis i vekst/utbetring og får inn nye produkt kontinuerleg.

Om prosjektet

Det er søkt om prosjektmidlar til innkjøp av varer.

Prosjektleveranse/Målsetting

Nettbutikken søker om prosjektmidlar til innkjøp av varer for å auka potensial for vekst og konkurransedyktigheit.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte for Lekekista	420 000	120 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet. Det kjem også fram av vedtektene pkt. 6.4. at stønad ikkje skal nyttast til ordinære driftkostnader.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg:

15.06.2021

21_Lekekista_soknad-2021-0005_22 mar 2021

1574504

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
085/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Lindås Fotklinikk AS - Utstyr til oppstart av fotklinikk Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Utstyr til oppstart av fotklinikk* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Lindås Fotklinikk AS er eit aksjeselskap. Bransje: 86.909 Andre helsetjenester. Registrert 11.03.2021. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Søklar skal starte ein Fotklinikk på Lindås Nærsester, i same etasje som legekontor, kiropraktor, fysioterapeut og helsestasjon. Søklar jobbar også på Lindås Bu og service og Manger Velferdssenter kvar 6. veke.

Prosjektleveranse/Målsetting

For å etablere klinikken treng søklar behandlingsutstyr og noko innreiing, samt midlar til marknadsføring. Søklar legg vekt på at det er behov for denne type teneste i området. Ho ønskjer å gje pasientane sine eit heilskapleg tilbod ved å jobbe tverrfagleg med helsepersonell i same etasje.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Utstyr til oppstart av fotklinikk	150 000	75 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021 21_Lindås Fotklinikk_soknad-2021-0120_01 mai 2021 1573582

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
086/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Meland Elektro AS - Energieffektivisering - tilgang til mer strøm uten videre belastning på strømmettet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Energieffektivisering - tilgang til mer strøm uten videre belastning på strømmettet* blir tildelt kr 150 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit aksjeselskap. Bransje: 43.210 Elektrisk installasjonsarbeid. Registrert: 19.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Søklar har testa ut og vil iverksette eit prosjekt for å auka strauminntak for verksemder i område utan tilstrekkeleg nettkapasitet. Løysinga vil vere tilrettelegging av kombinasjon av batteri og solcelle. Meland Elektro har personell med kompetanse innanfor prosjektering og installasjon av solcelleanlegg.

Om prosjektet

Meland Elektro ser dette prosjektet som tidsmessig riktig i ein kommune/region med straumkapasitetsutfordringar. Søklar meiner prosjektet kan generere nye arbeidsplassar i Meland Elektro og gje betre tilbod til kundar. Prosjektet teiknar også til å vere utviklande for tilsette og verksemda.

For å realisere prosjektet vil Meland Elektro gå til innkjøp av nettanalysator og tilhøyrande data- og måleutstyr. Det vil også vere naudsynt med kursing i bruk av nettanalysator, utarbeiding av marknadsplan og marknadsføring av dei nye tenestene til industrikundar i regionen.

Prosjektleveranse/Målsetting

Verksemda sine interne mål:

Marknadsdifferensiering av Meland Elektro; lønnsam vekst og nye tilsettingar

Prosjektets mål:

- 1 Vere leiande innanfor effekt- og energisparing
- 2 Skapa nye arbeidsplassar gjennom nye marknader for verksemda
- 3 Redusere belastning på strømmettet
- 4 Gje moglegheit for lønnsam, berekraftig og energieffektiv produksjonsvekst. Prosjektet er påbegynt og fase 1 avsluttast i juni 2021. Fase 2 vil vere innkjøp av nettanalysator og kursing, utvikling av marknadsplan.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Energieffektivisering -tilgang til mer strøm uten videre	540 000	432 000	150 000

belastning på strømmettet			
----------------------------------	--	--	--

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til innovasjon, berekraftig næringsutvikling, samarbeid og potensial for sysselsettingsvekst.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Meland Elektro_soknad-2021-0063_30 apr 2021	1572682
15.06.2021	21_Meland Elektro_soknad-2021-0063_vedlegg_30 apr 2021	1572683

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
087/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Mikro Grønt AS - Omstilling under og etter COVID - digital dyrkeskole

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Omstilling under og etter COVID - digital dyrkeskole* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Mikrogrønt AS er eit aksjeselskap. Bransje: 01.280 Dyrking av krydder og aromatiske, medisinske og farmasøytiske vekster. Registrert 31.08.2017. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Verksemda er grønsaksprodusent, ferdigvareprodusent og produsent av kosttilskot, samt tilbydar av framtidig kurs og innhaldsprodusent. Dei har avtale med ein anerkjent frøleverandør og samarbeidar også med REKO-ringen og Lokalmatringen. Mikrogrønt AS må som følge av pandemien omstille seg og tenke nytt med tanke på nye inntektskjelder og distribusjon av produkta.

Prosjektleveranse/Målsetting

I dette prosjektet vil verksemda byggje opp ein første versjon av ein digital dyrkeskole utforma som ein nettportal som tilbyr digital veiledning i dyrking gjennom ulikt type digitalt innhald. Målet med dette prosjektet er omsetnings- sysselsettingsvekst. Det er også planar om å utvikle ein nettbutikk.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Mikro Grønt AS. Omstilling under og etter COVID - digital dyrkeskole	200 000	100 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021 21_Mikrogrønt_soknad-2021-0084_vedlegg_27 apr 2021 1573590
(1)

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
088/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Molvik bigard - Prosjekt- Biesafari til bedrifter og turister 2021 Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Prosjekt- Biesafari til bedrifter og turister 2021* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Molvik bigard er eit enkeltpersonsforetak. Bransje 01.490 Husdyrhold ellers. Registrert 07.10.2014. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Molvik bigard har 20 bikuber i eit eige biehus. Verksemda har også bigardsplassar fleire stader i Alver. Dei produserer og sel ulike honningprodukt. Gjennom prosjektet «Biesafari til bedrifter og turister» ønskjer søkjar å ta steget vidare og tilby biesafari til bedrifter og turistar på dagtid. I søknaden vert det framheva at sidan mange verksemdar i lengre tid har hatt alle sine tilsette på heimekontor og no skal opna opp att, ønskjer gjerne mange verksemdar å bruke litt pengar på sosiale tiltak for sine tilsette.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet er å skaffe meir forretningsaktivitet på dagtid gjennom å nå bedrifts- og turistmarknaden. I prosjektet inngår det utgifter til vegskilt langs E39 og i Molvik, fleire birøkerdrakter og hanskar, design og produksjon av 2 rollups til biesafari, prosjektadministrasjon og oversetting av ansvarsfråskriving til biesafari.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Prosjekt- Biesafari til bedrifter og turister 2021	60 000	30 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021

21_Molvik Bigard_soknad-2021-0136_30 apr 2021

1573596

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
089/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

**Søknad til Næringsfondet 2021. Nordhordland Næringslag - Næringskonferansen 2021
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet *Næringskonferansen 2021* får tildelt kr 50 000 til frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Nordhordland Næringslag (NONL) er ei medlemsforening for næringslivet. Bransje: 94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted. Registrert i noverande form 25.09.2004. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Næringskonferansen i regi av NONL blir gjennomført annakvart år i veka før valet (8. sep 2021), og er gratis for alle deltakarane. Konferansen er vel etablert med meir enn 650 deltakarar frå politisk leiing, næringsliv og det offentlege i regionen. Alver kommune har også tidlegare støtta konferansen. Når det gjeld anna finansiering har NONL søkt stønad frå SPV, og har tidlegare mottatt stønad derfrå.

Årets hovudtema er «Den grønne Ledertrøyen» - grønn energi - grønn matproduksjon - grønn leverandørindustri. I år har allereie fleire statsrådar takka ja til å delta. Utgifter til konferansen er mellom anna til foredragshaldarar, lyd/lys/foto/film, matservering, annonsering og planlegging.

Prosjektleveranse/Målsetting

Konferansen har fokus på samfunnsutvikling og attraktivitet.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Næringskonferansen 2021	500 000	80 000	50 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondets kriteriar ved at det viser til berekraftig næringsutvikling, potensial for utvikling av nye arbeidsplassar, innovasjon, nyskaping, samarbeid og kompetanseutvikling.

Vedlegg i saken:

15.06.2021 21_NONL_Næringskonferanse_soknad-2021-0011_30 1573066
mar 2021

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
090/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Nordhordland Næringslag. Operasjonalisering grønn konkurransekraft i Nordhordland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden *Operasjonalisering grønn konkurransekraft* i Nordhordland blir handsama utanfor næringsfondsprosessen.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Nordhordland Næringslag (NONL) er ei medlemsforening for næringslivet. Bransje: 94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted. Registrert i noverande form 25.09.2004. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

NONL har leia arbeidet med prosjekta Greenspot Mongstad (GSM), Grønn konkurransekraft i Alver og Nordhordland (GKK) og Kraftsystemvurdering i Nordhordland. Prosjektene er i avslutningsfasen og prosjektresultat skal vidareutviklast og operasjonaliserast, blant anna arbeid med kraftforsyning.

Søknaden er sendt direkte til utvalet og blir behandla utanfor næringsfondsprosessen fordi dette er eit strategisk viktig arbeid for kommunen og regionen.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Operasjonalisering grønn konkurransekraft i Nordhordland	1 400 000 (tot for 2021, 2022)	233 000 i 2021 233 000 i 2022	

Vedlegg:

15.06.2021

NONL_OGK_soknad-2021-0012_6 apr 2021

1573792

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
091/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Nordhordland Taxisentral SA - Elektrifisering av drosjestasjoner

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Elektrifisering av drosjestasjoner* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Nordhordland Taxisentral SA er eit samvirkeforetak. Bransje: 52.214 Drift av taxisentraler og annen formidling av persontransport. Registrert 05.08.2004. Kjelde: proff.no.

Saksopplysningar:

Nordhordland Taxisentral SA (NH Taxi) har pr. i dag 43 taxiar, og ca. 75 tilslutta sjåførarar. Dei fleste løyvehararar og sjåførarar er busette i Alver kommune. Selskapet har inngått fleire store og langvarige kontraktar, og selskapet planlegg for vidare utvidingar av taxikapasiteten. NH Taxi har 3 stasjonar i Alver kommune; Skysstasjonen i Knarvik, Lindås Senter og i Coop- bygget på Manger.

Om prosjektet

For å kunne satse på el- taxiar i Nordhordland er det behov for lading på deira tre stasjonar. NH Taxi har motteke tilbod på etablering av elektroinstallasjonar. NH Taxi arbeider aktivt med å legge til rette for tidleg elektrifisering av sin bilpark.

NH Taxi vil ta heile kostnaden med drifta og fordelinga av ladekostnad mellom bilane. Det blir søkt stønad til etableringskostnadane av dei tre hurtiglading-stasjonane.

Prosjektleveranse/Målsetting

Etablering av hurtiglading-stasjonar vil kunne auka servicetilbodet til drosjekundar i regionen. Forutan det miljømessige, har el- drift av taxiar mange økonomiske oppsider for verksemda sine løyvehararar framover.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Elektrifisering av drosjestasjoner	756 000	350 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til elektrifisering av drosjestasjoner får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Nh Taxisentral_soknad-2021-0009_26 mar 2021	1573076
14.06.2021	21_NH Taxisentral_Søknadsvedlegg_26 mar 2021	1573077

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
092/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Norli Knarvik - Permanent utstilling med rotasjon gjennom året

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Permanent utstilling med rotasjon gjennom året* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Norli er registrert under selskapsform Underavdeling. Bransje: 47.610 Butikkhandel med bøker. Registrert 23.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Prosjektet er eit biletgalleri som er tenkt nytta av Norli Knarvik og Knarvik Senter saman. Det er tenkt å innehalde utstillingar av store bilete på tjukt papir/fotopapp trykt hjå fotograf. Kvar utstilling skal stå i minst 2 månadar og vil variere i uttrykk. Senteret eig prosjektet og huseigar gir oss anledning til å disponere området. Arbeidet med å etablere utstillinga utførast lokalt i Alver.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet er å ha minst 5 utstillingar pr år og fortsette ut over dei 2 åra prosjektet har som utgangspunkt. Norli Knarvik står som hovudsøkjar og vil ha det daglege overoppsynet over utstillinga, samt styre sittegruppe som er tiltenkt plassen. Hovudfokus på utstillingar blir å vise fram det lokale.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Permanent utstilling med rotasjon gjennom året	120 000	100 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til permanent utstilling med rotasjon gjennom året får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet. Det kan oppmodast til å undersøke om det er mogleg å søke midlar frå kulturfondet i Alver kommune.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Norli Knarvik_soknad-2021-0062_24 apr 2021	1572657
13.06.2021	21_Norli Knarvik_soknad-2021-0062_Foto av utstilling_23 apr 2021	1572659

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
093/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Oyémam - Søknad om støtte til å drive sommerbutikk på Knarvik senter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om støtte til å drive sommerbutikk på Knarvik senter* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Oyémam er eit Norskregistrert utenlandsk foretak. Bransje: 46.450 Engroshandel med parfyme og kosmetikk. Registrert 25.02.2009. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Verksemda Oyémam sel hudpleieprodukt av sheasmør, produsert og importert frå Afrika. Produkta blir selde blant anna via marknader og nettbutikk. Søkjar opplyser om at sidan marknadane dei vanlegvis deltar på om sommaren og ved juletider er har vore nedstengde grunna pandemien, har dei opplevd stor omsetningssvikt. Søkjar har snakka med Knarvik Senter og kan inngå mellombels leigeavtale for å drive sommarbutikk i ca. 2 månadar i ledige lokale i senteret.

Prosjektleveranse/Målsetting

Det søkjast støtte til leige av lokale, straum, løn til tilsette, enkel og rimeleg møblering i butikken, annonsering i lokalavisene m.t. Det er håp om at prosjektet vil bidra til å auke omsetninga som har vorte råka av restriksjonane grunna pandemien.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte til å drive sommerbutikk på Knarvik senter	200 000	150 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet. Fondet dekkjer heller ikkje driftskostnader.

Søknad om støtte til oppstart får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021 21_Oyemam_Søknad_2021-0054_21 apr 2021

1572661

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
094/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. PEP - Portable Energy Plant AS - NOX og CO2 utnyttelse for ny grønn industri klynge under planlegging

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *NOX og CO2 utnyttelse for ny grønn industri klynge under planlegging* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

PEP – Portable Energy Plant AS er eit aksjeselskap. Bransje: 46.630 Engroshandel med maskiner og utstyr til bergverksdrift, olje- og gassutvinning og bygge- og anleggsvirksomhet. Registrert 19.01.2018. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Utgangspunktet for verksemda sitt prosjekt er pyrolyse knytta til avfall. Søkjar fremjar at CO2-fangst er i skotet no og store prosjekt er på gang i Norge. Dei nemner at blant anna NGIR sitt renovasjonsanlegg med si bossfylling slepp ut store mengder klimagassar både gjennom lagring og transport.

Prosjektleveranse/Målsetting

Verksemda ønskjer å gjere avfallet om til nyttige produkt som f.eks CO2, som kan brukast i f.eks. drivhussamanheng. PEP ser for seg at dette bør kunne tilpassast mindre lokale formål. Søkjar planlegg å gjere dette lokalt for å spare store utslepp.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
NOX og CO2 utnyttelse for ny grønn industri klynge under planlegging	460 000	240 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_PEP_soknad-2021-0132_30 apr 2021	1573638
15.06.2021	21_PEP_soknad-2021-0132_Vedlegg_30 apr 2021	1573639

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
095/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Purinam AS - Støtte til patentbeskyttelse og videreutvikling vannrensing Purinam AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Støtte til patentbeskyttelse og videreutvikling vannrensing Purinam AS* blir tildelt kr 100 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Purinam AS er eit aksjeselskap. Bransje 72.190 Annen forskning og annet utviklingsarbeid innen naturvitenskap og teknikk. Registrert 08.04.2020. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Purinam AS har utvikla ny teknologi for mekanisk destruering av bakteriar og andre organismar i væske og gassar. Herunder drikkevatt, ballastvatt og resirkulert vatt i fiskeoppdrett. Utstyret brukar ingen kjemikalier, og har ingen miljøskadelege utslipp. Det er gjennomført testar kor blant anna ureinsa kloakkvatt blir bakteriefritt etter prosessering gjennom deira teknologi. Prototype er ferdig utvikla og patentsøknad er under handsaming.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektleveranse gjeld vidare utvikling og iverksetting av produkt og prosessar. Sjå vedlegg.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Støtte til patentbeskyttelse og videreutvikling vannrensing	730 000	550 000	100 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondets kriteriar ved at det viser til potensial for innovativ, berekraftig næringsutvikling og sysselsetjingsvekst.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Purinam AS_soknad-2021-0140_Innlevering patentsknad_01 mai 2021	1574232
15.06.2021	21_Purinam AS_soknad-2021-0140_Innlevering patentsknad_Testrapport_01 mai 2021	1574233
15.06.2021	21_Purinam AS_soknad-2021-0140_Innlevering patentsknad_Vedlegg_01 mai 2021	1574234

15.06.2021

21_Purinam AS_soknad-2021-0140_Innlevering
patentsøknad 2_01 mai 2021

1574236

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
096/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Risnes Elektro AS - Kompetanseheving

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Kompetanseheving* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Risnes Elektro AS er eit aksjeselskap. Bransje: 43.210 Elektrisk installasjonsarbeid. Registrert 19.02.1995. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

For å styrka satsinga på å nå ut til fleire næringslivskundar ønskjer verksemda å søkja om støtte til omstrukturering og kompetanseheving av egne tilsette. Verksemda driv med all form for moderne installasjon og har 14 tilsette.

Prosjektleveranse/Målsetting

Delmål:

1. **Omstrukturering av egne tilsette.** Verksemda har allereie gjort ei intern omstrukturering definert inndeling av rollar.
2. **Kompetanseheving:** Søkjar ser behov for kompetanseheving for å møte etterspørsel frå eit næringsliv i utvikling med nye behov.
3. **Nye tilsette:** Det vil vere eit mål å tilsette fleire fagfolk utanom også å rekruttere lærlingar.

Hovudmål:

4. **Nye kunder:** Etablera kontakt med, og få fleire kunder.
5. **Gjera arbeidsplassen attraktiv:** i elektrofaget er det ein «turnover» på ca 32-35 år, Dvs når ein når den alderen så er det mange som skiftar yrke pga av at det er lite utfordringar. Derfor gjer me dette tiltaket for at tilsette e kan ha meir varierte oppgåver.
6. **Auka omsetjing og inntening**

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Kompetanseheving	250 000	200 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til kompetanseheving får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Risnes Elektro_soknad-2021-0013_7 apr 2021	1573088
14.06.2021	21_Risnes Elektro_Søknad Vedlegg_7 apr 2021	1573089

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
097/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Troppå gard - Bringebærfelt og parsellhage etter økologiske prinsipp på Troppå gard

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Bringebærfelt og parsellhage etter økologiske prinsipp på Troppå gard* blir ikkje tildelt midlar frå Næringsfondet.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Føretaket er eit enkeltpersonsforetak. Registrert 20.02.2012. Bransje: 01.451 Sauehold.

Kjelde: proff.no

Saksopplysningar:

Troppå gard driv med eggproduksjon og vidareforedling av gamalnorsk spælsau frå eigne sauer og gamalnorsk spælsau frå Nordhordlandsregionen. Omsetning i 2019 var på kr 3 350 000. Dei er også med i prosjektet smaken av Nordhordland.

Om prosjektet

Troppå gard har to forretningsidear dei ønsker å utvikle på garden:

- Etablere eit felt med 2000 bringebærbuskar for sjølvplukk på eit areal på ca. 4 dekar.
- Etablere ein parsellhage der personar som ikkje sjølv har moglegheit til å dyrke blomster, bær eller grønnsaker skal kunne få leige ein åkerlapp. Dei ønskjer å tilrettelegge for rullestolbrukarar. Vil skape eit miljø rundt økologisk dyrking, invitere og fellesskap med inkludering og erfaringsutveksling. Vil kunne tilby: åkerlapp, felles areal med gapahuk med benkar og bord, utegrill, drivhus, toalett og parkeringsplass. Hjortegjerde. Tilby kurs innan økologisk dyrking. Facebook-side for medlemmar. Tilrettelegging for stell og sosialisering med dyr.

Prosjektleveranse/Målsetting

Forventa omsetning: Første år: Mykje arbeid med å opparbeide plantefeltet og ingen hausting eller inntekt.

Andre år: ca. kr 105.000. Tredje år: ca. kr 210 000.-

Størrelse på parsellhagen vil vere på 50 kvadrat pr parsell.

Tilrettelegge for ca. 30 stk. parsellar i første omgang, fleire etterkvart om dei lukkast. Årleg omsetning: på leige av åkerlapp: 60 000.- Dei bereknar då 30 åkerlappar med leige på kvar på kr 2000.- pr år. I tillegg kjem inntekter ved leige av drivhusplass, kursinntekter, sal av gjødsel, aktivitetar osv.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Bringebærfelt og parsellhage etter økologiske prinsipp på Troppå gard	520 000	260 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen.

I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
098/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Vassbrekko AS - Stønad til innkjøp av verkty

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Stønad til innkjøp av verkty* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Vassbrekko AS er eit aksjeselskap. Bransje: 47.919 Postordre-/Internetthandel med annet spesialisert vareutvalg. Registrert 25.02.2021. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Vassbrekko AS er eit nyopstarta firma som tilbyr personlege, heimelaga gåver seld gjennom nettbutikk. Verksemda har fått oppstarthjelp frå Spinnfondet gjennom Industriutvikling Vest og hjelp til forretningsutvikling gjennom AMO-kurs via Nav. Produkta vert produsert etter kvart som bestillingane kjem inn tilpassa kunden sine ynskje. Det blir søkt om midlar til verkty til produksjon.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet med prosjektet er å skape eigen arbeidsplass.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Stønad til innkjøp av verkty	275 850	105 925	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til innkjøp av verkty får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg:

15.06.2021	21_Vassbrekko AS_soknad-2021-0014	1573095
15.06.2021	21_Vassbrekko_soknad-2021-0014_24 apr 2021	1573096
15.06.2021	21_Vassbrekko_soknad-2021-0014_Vedlegg til Stønad til innkjøp av verktøy_24 apr 2021	1573098
14.06.2021	21_Vassbrekko_Vedlegg_Innkjøpslista av verktøy	1573101

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
099/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Westland Hotel AS - Digitalisering av hotellsystem Westland Hotel AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Digitalisering av hotellsystem Westland Hotel AS* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Westland Hotel AS er eit aksjeselskap. Bransje 55.101 Drift av hoteller, pensjonater og moteller med restaurant. Registrert 21.04.1997. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Westland Hotel er det største hotellet i Alver kommune. Hotellet har 172 sengeplasser, plass til 150 gjestar i restauranten og tilhøyrande kurs og konferanse/selskapslokale. Hovudmarknaden er yrkesreisande til Mongstad-bedrifter, samt kurs og konferanse for Bergensområdet blant anna.

Prosjektleveranse/Målsetting

Verksemda ønsker å digitalisere hotellplattforma. Gjennom Covid-19-pandemien har søkjar erfart eit klårt behov for å digitalisere drifta. Dette vil føre til mindre kontaktsmitte for kundane og samtidig medføre ein meir effektiv kvardag for både reisande og for hotellet elles. Drifta vil kunne bli meir berekraftig og miljøvennleg ved at ein vil kunne bruke mindre energi og generere mindre søppel.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Digitalisering av hotellsystem Westland Hotel AS	300 000	200 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021

21_Westland Hotel_soknad-2021-0144_01 mai 2021

1573661

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-
U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 13.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
100/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Wind-Rose AS - Grønn energi.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Grønn energi* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Wind-Rose AS er eit aksjeselskap. Bransje: 35.112 Produksjon av elektrisitet fra vindkraft. Registrert 10.11.2017. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Wind-Rose AS er eit selskap som byggjar og utviklar vindkraft / energi for blant anna maritim industri og oppdrettsindustri. Verksemda har samarbeid med fleire verksemdar i Alver.

Forretningsideen er å utvikle, bygge og selge vindmøller til bruk for lading av batteripakker. Verksemda samarbeidar også med eit anna firma i Alver om viderutvikling av å sette saman ei total energipakke av solcellepanel og batteripakke som skal gi ei god total energiløysning. Søkjar visar også til ei inngått avtale med ein samarbeidspartnar om utprøving av vindturbin som er utvikla av Wind-Rose AS.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektet er ei vidareutvikling, testing og salg av vindmøller og enegipakkar. Søkjar visar til ei inngått avtale med ein samarbeidspartnar om utprøving av vindturbin som er utvikla av Wind-Rose AS.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Grønn energi	2 325 000	465 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet Grønn energi får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Windrose_soknad-2021-0018_12 apr 2021	1572670
15.06.2021	21_Windrose_Søknad_Vedlegg_12 apr 2021	1572671

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 15.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
101/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Skriv her»

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Saksopplysningar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

- Kraftsituasjonen i Nordhordland/Mongstad